

FØRHISTORISKE MINNE PÅ SUNNMØRE

e minne på Sunnmøre"

i Historisk Museum, Bergen

mapa 1950-51 med ditt befar

eld	Sunnlyven prestegjeld
Norddal	
Stranda	
Ørskog	
Skodje	
Borgund	
Hauan	

end fannsni på Sunnmøre.

NORDDAL PRESTEGJELD

AV  
PER FETT

UNIVERSITETET I BERGEN  
Historisk Museum 1951

**Registrert 1948.**

**A/S JOHN GRIEGS BOKTRYKKERI, BERGEN**

### Valldalen

er påfallende logn mellom dei høge fjella (over 1800 m på begge sider), i alle fall i nedre del. Men enndå så høgt opp som på Grøning er det lang sommar, sml. segna om Heilag Olavs ferd gjennom dalen. Gardane i nedre del høyrer til dei mest drivande på heile Sunnmøre. Lendet er skarpt terrassert langt oppover. Eigenleg open er dalen berre 3 km oppover frå Myklebost. Herfrå kjem ein opp til Innfjordsfjellet (sjå Stranda p., Stordal s.: Trollkyrkjegarden). Dalen fører over i Romsdal litt ovanfor Åndalsnes.

### LINGE, gnr. 1.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for flintdolk.  
Funnkartet nr. 2. Funnstad for Å 373.  
Funnkartet nr. 3. Funnstad for B 9744.  
Funnkartet nr. 4. Funnstad for Å 371, 372.

B 9744 — Fasettslipt tverrøks f. visstnok oppe i ein blomsterhage på lokaliteten (Øvste) Røysa 200 m NO for stova på bnr. 5, Nils P. Linge. Nr. 3 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1946/47.  
B 9745 — Skeiforma skrape har lege ei 40 år på bnr. 3, Jon Linge. Tilv. i B. M. Årbok 1946/47.

Å 371 — Skafholøks f. på ein teig eit par hundre meter utanfor tunet. Bnr. 4, Peder O. Linge. Nr. 4 på funnkartet. Upublisert.

Å 372 — Eja. øks f. på same teig som Å 371, mogleg i ei røys. = Å 4751. Nr. 4, Peder O. Linge. Nr. 4 på funnkartet. Upublisert.

Å 373 — »Spjut av jarn« f. under ei helle på ei hylle i skråninga 160—70 m ovanfor løa på bnr. 6, Karl Linge. Nr. 2 på funnkartet. Upublisert.

Privat — Flintdolk f. då dei bygde vedskjulet på bnr. 1, Olav Linge. Nr. 1 på funnkartet.

### BERDAL, gnr. 5.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 7746. B 7746 — Sandshamnøks, f. i gammal åker, Øvsteåkeren, i dyrkingslaget. Staden heiter Tuftene og ligg oppunder utmarka NV for tunet på bnr. 2, Magnus Berdal. = T 4464. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i Ab. 1893 og B. M. Årbok 1927.

### URI, gnr. 7.

Funnkartet nr. 1. Karl Johan Uri, bnr. 6. Haugar på Kjempegravåkrane.

1. *Langhaug*, no borte, låg ei 100 m S for stova. Var 7—8 m lang, 3—4 m brei. Der vart funne ei bøtte full med båtsaum som låg i ein dunge, og ein dunge med kol.

2. *Haug* tett S for stova der skolen stod før, øydelagd då dei bygde skolen. Haugen var bygd av grus og jord på evje — gammal elveseng. Her låg B 5861. Det er og nemnt oske og noko som likna på steikepanne. Opplysningsane i tilv. lyktest det ikkje å verifisere, men det spørst om ikkje klinknaglane B 5861 b (og restane av drev) i røynda kjem frå haug 1, og at berre B 5861 a er frå haug 2.

*Heggen* 1935 s. 7.

B 5861 — Yja. brend kvinnegrav frå fk. nr. 1/3. Tilv. i B. M. Årbok 1904.

B 7746 — Sjå Berdal, gnr. 5.

Tapt? — Klinknaglar frå fk. nr. 1/1 (B 5861 b?).

### VALLDAL gnr. 8.

Funnkartet nr. 1. Sameige.

1. *Haug* på Legene, ein terrasserest eit

stykke NO for husa. Der er no utjamna til tørkeplass for torv. Denne haugen var den største, 72 alner i rundmål (18 m tvm.) og låg lengst O. I midten ei lita kiste »dannet av smaa firkantede stene med en stor helle til overligger«. Her låg B 3010, B 3060 og ein »dolk« av jarn.

2—? *Haugar*. »Nogle mindre« låg vest for 1.

*Nicolaysen* 1874 s. 164 f.

B 3010, 3060 — Yja. mannsgrav frå fk. nr. 1/1. Tilv. i Ab. 1875.  
Tapt — Jarndolk — dvs. våpenkniv? frå fk. nr. 1/1.

#### MYKLEBOST, gnr. 9.

Funnkartet nr. 1. Knut J. Myklebust, bnr. 1.

1. *Røys*, no borte, låg eit par hundre meter VSV for tunet på nedre terrasse ved den stad der det no står nokre store graner. 10—12 m i tvm., 1,25 m høg.  
2. *Røys*, no borte, like stor som 1, låg like ved.

Funnkartet nr. 2. Knut J. Myklebust, bnr. 1.

*Røys* på Ekra, på ei høgare terrasse enn fk. nr. 1. Der var ei halvmeterlang kiste av fire kantsette heller, der det skal ha vore gjort eit funn — der var nemnt sverd og gullring, men utan overtyding. Mogleg er vevskeia B 831 meint. B 1685?

B 830—31 — Yja. spjut, vevskei. Mogleg frå fk. nr. 2. *Lorange* 1875 s. 187.

B 983 — Ja. øks, f. i ein »stenfuld Haug«. *Nicolaysen* NF s. 517.

B 1685 — Yja. øks, f. »paa samme Sted« (det treng vel ikkje seie same grav) som »det ovenfor omhandlede Sverd« (må vere B 831) i ein liten steinsett haug i kolblanda mold. *Lorange* 1874 s. 187.

B u. nr. — Heilag kvit stein, f. i ein husgrunn. *Nicolaysen* NF s. 517.

#### DØVINGEN, gnr. 26.

Funnkartet nr. 1. Alfred K. Døving, bnr. 15.

Tre gravhaugar har lege V for der det i ma. låg eit kapell. Dette låg halvhun-

dre meter O for tunet framme ved terrassekanten. Haugane er no borte, og kårmannen visste ikkje om dei.

*Nicolaysen* 1874 s. 165.

Funnkartet nr. 2. Peter J. Bøving, bnr. 7. Røysar på Furehjellen, ei lita flate i furuskogen V for innmarka.

1. *Røys* tett i terrassekanten, 5 m tvm., låg, torvgrodd. Søkk i midten.

2. *Røys* 5 m SSO for 1, 12 m i tvm., 1 m høg, med konkav kontur. Lynggrodd. Utkasta i midten.

3. *Røys* 100 m SSO for 2, 6 m i tvm., låg, torvgrodd. Litt utkasta.

4. *Røys* 10 m V for 3, 4 m i tvm., låg, torvgrodd. Urøyvd.

B 1012 — Bronsemeisel, utan tvil den som i Ab. 1874 s. 165 er nemnd nål. F. ved nybrot under ein sers stor flat stein, og ikkje i 1872 men i 1832. Bilete: R 119. *Christie* 1842 pl. XIV fig. 5. Katalog: *Lorange* 1875 s. 42.

#### SYLTE, gnr. 27.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 6669.

B 6669 — Yja. øks, f. på gravplassen ved kapellet. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i Oldt. V (1915).

#### Sjølborgbygd.

Sjølvé bygda ligg som ei stripe på ei hylle eit par hundre meter o. h. Her veks den beste rug i indre fjorden, seier *Strøm*.

#### VIKJA, gnr. 28.

Funnkartet nr. 1.

B 200, 203 — Retteggja flintøksar, f. under ei stor stein. *Lorange* 1875 s. 23. Nr. 1 på funnkartet.

#### YTTERLI, gnr. 29.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9034.

Funnkartet nr. 2. Funnstad for B 9955.

B 9034 — Skifersmykke, f. i åkeren like ovanfor løa i over 300 m h. o. h. Bilete: tilv. fig. 19. Bnr. 1, Nikolaus Rødal. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1938.

B 9955 — Tjuukknakka tverrøks av stein, f. i eller ved gamal åker nedanfor løa på

bnr. 1, Nikolaus Rødal. Nr. 2 på funnkartet. Tilv. i U. B. Årbok 1948.

#### SJØLBORSKOR, gnr. 31.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9953. B 7698 — Tynnakkta tverrøks av stein. (= T 5078). Tilv. i B. M. Årbok 1926 og Ab. 1897.

B 9953 — Beltestein f. i ein av dei eldste åkrane ovanfor gardsvegen tett O for utmarka. Der var mykje kol, og beltesteinen er brend. Bnr. 2, 4, 7, Peter Rødal. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1948.

#### Tafjord.

Sjølve fjordbotnen er trong, liksom dei to dalane. Terrassar er tydelege. Fjella er av dei høgaste på Sunnmøre, og fjellstroket er i det heile eit eldorado for turfolk.

#### TAFJORD, gnr. 37.

Funnkartet nr. 1. Peter J. Tafjord, bnr. 6.

1. *Grav* ved sjøen der malmbryggja stod. Der var kiste av reiste tynne heller, ikkje så svært djupt. Der var funne ein del saker som kom bort i Ålesunds Museum ved Ålesundsbrannen 1904. Det såg ut som der var brent på staden. 2. *Røys* på same staden. Der var kiste oppsett med heller på sidene og helle til tak. Derfrå B 2878 og ei mengd brend båtsaum. Grava hadde visstnok vore opna før.

Nicolaysen 1881 s. 162.

Funnkartet nr. 2. Funnstad for flint.

NB. *Bautastein* over 4 alner lang, stod ikkje langt frå tunet. Vart lagd i klopp.

Nicolaysen 1881 s. 162.

B 2878 — Sverd frå fk. nr. 1/2. Bilete: *Lorange* 1889. Tab. VI 2. Tilv. i Ab. 1874.

B 9039 — Yja. pil f. 100 m frå sjøen og om lag like langt frå fk. nr. 1, i åker på bnr. 5, Severin Tafjord. Tilv. i B. M. Årbok 1938.

Tapt — Spjut, øks av vikingtids form, mange perler av ymis skap og farge, »2—3 skåler på skap som ei vassause.. om lag 0,5 liter« (dvs. skjoldbuklar?),

mykje båtsaum som var brend. Frå fk. nr. 1/1.

Tapt — Båtsaum frå fk. nr. 1/2.

Tapt — Flintreiskap, visstnok dolk, funnen ved foten av Gimdalssurda. Kulturlag? Nr. 2 på funnkartet.

RØDAL, gnr. 38, 40—41 (heimste, nedre, fremste).

Tapt — Beltestein, heil, ei 12 cm lang.

#### Dalsbygda.

Dalbotnen er flat og tydeleg terrassert i nedre del. Han verkar relativt open til ein kjem opp der folk ikkje bur. For enden ligg Torvløysa, over 1900 m o. h.

#### DALE, gnr. 49.

Funnkartet nr. 1. Ivar Krohn, bnr. 1. *Gravflok* på flata SV for kyrkja.

1. *Tinghaugen*, no borte, 50 m opp for vegdelet, 100 m NO for løa. 10 m tvm., flat, fotkjede, søkk i midten. Der gjekk eit tynt kollag gjennom heile. Skal vere utgraven frå Bergens Museum. Der var ikkje funn.

2. *Torshaugen*, no borte, 50 m NO for 1, der no stova til kaiekspeditøren står. Det var ein stor haug, bygd av grus (naturleg?) med mykje stein på toppen. Neumann og Kraft seier han var 110 alner i rundmål (ei 20 m tvm.) og 10 alner (6 m) høg. *Fylling* (sjå Nicolaysen 1879) melder at der vart funne ei leirkrukke (ein annan seier kopparkjel) fylt med oske og brende bein, og i kanten eit sverd, ein beltestein og forrusta jarn. Alt dette kom bort.

3. *Haug* 20—30 m S for 2, no borte. Var ikkje vid, men relativt høg.

Neumann seier at her var 12 haugar i alt, nr. 2 var den største. Sume var utgravne, og der var funne våpen og »— hvad mærkligt er — en Krone af Jern«. I ein av haugane var ei hellekiste 3 alner lang, 2 alner brei, med helle over, med fin sand i, mogleg opna før. Strøm melder om »Kjæmpe-Ringe« mellom kyrkja og stranda. Neumann og Kraft seier dei finst ikkje lenger, men Nicolaysen seier der var éin att i 1861 og på nytt i 1881 (»en større

rund stensetning med temmelig store, ordentlig sammenlagte steine, og saaledes at der innen i ringen er græsvold». No er den og borte. Var det Tinghaugen, nr. 2?

Funn frå dette bruket (Dalebø) og såleis truleg frå ein av desse haugane er B 7697, B 8097 og eit sverd.

Strøm 1766 s. 259. Neumann 1825 sp. 606. Neumann 1836 s. 266. Kraft 1832 s. 177. Nicolaysen NF s. 517 (under Engset). Nicolaysen 1879 s. 291. Nicolaysen 1881 s. 161 f.

Funnkartet nr. 2. Sigurd K. Dale, bnr. 6. Grav under flat mark mellom to store steinar i utmarkstykket Gjerdet, no dyrka. Staden ligg V for elva oppe ved dei øvste bruaka på Engset. B 6725.

Funnkartet nr. 3. Sameige.

1. Grav under flat mark ved kanten av ein liten terrasserest Flaten, tett mot fjellsida. Sverd låg O—V, også tett N, skjoldbukl og pil tett S. Ved sverdhantaket stod ei lita helle, ved den låg litt flint. B 9189.

2. Grav? Ein halv skjoldbukl låg tett ved ein stor stein midt på Flaten. B 9189 d.

3. Grav? Sverd f. nede i bakken V for 1. Terrassekanten rasar ut rett som det er. B 9191.

B 6725 — Vik. mannsgrav frå fk. nr. 2. Tilv. i Oldt. V (1915).

B 7697 — Dvergøks yja. (= T 5054). Frå fk. nr. 1? Tilv. i B. M. Årbok 1926 og Ab. 1897.

B 8097 — Kvartsbryne (= T 5055). Frå fk. nr. 1? Tilv. i B. M. Årbok 1930 og Ab. 1897.

B 9189 a—c, e—h — Vik. mannsgrav frå fk. nr. 3/1. Tilv. i B. M. Årbok 1941.

B 9189 d — Skjoldbukl frå fk. nr. 3/2. Tilv. i B. M. Årbok 1941.

B 9190 — Yja. pil f. 1,5 m O for fk. nr. 3/1. Tilv. i B. M. Årbok 1941.

B 9191 — Yja. sverd frå fk. nr. 3/3. Tilv. i B. M. Årbok 1941.

A 1458 — Vik. spjut f. i urda O for fk. nr. 3, lenger S. Tilv. i B. M. Årbok 1928.

A 1541 — Emne til klebergryte f. på

kyrkjegarden. Tilv. i B. M. Årbok 1929.

Tap — Leirkrukke eller kopparkjel med oske frå fk. nr. 1/2.

Tap — Sverd, beltestein, jarn frå fk. nr. 1/2.

Tap — Våpen, »krone« av jarn, frå fk. nr. 1.

Tap — Sverd frå fk. nr. 1? Nicolaysen 1881 s. 161.

#### ENGSET, gnr. 52.

NB. Neumann og Kraft melder om ein bautastein ved prestegardshusa. Han er ukjend no.

Neumann 1825 sp. 607. Kraft 1832 s. 144. Nicolaysen NF s. 517.

#### RELLING, gnr. 53.

Funnkartet nr. 1. Fredrik Grønningseter, bnr. 1.

1. Frumberhaugen (Strøm: Frydenborghøi). Dette er hørt på ein høg terrasse med uvanleg bratte sider mot N og O. Mot S fell han og av slik at det no er ei 20—25 m brei, lang flate der oppe, men ikkje helt jamn. For enden går ein rett mur langs kanten i O, mellom bakkebrota i N og S, bygd av store steinar i om lag 1 m breidd. Platået er elles utjamna i ny tid. Om her har vore gravhaug, er uråd å seie no.

2. Haug, ikkje utvilsam, i den andre enden av flata tett O for den gamle vegen. Haugen ser ut til å ha vore rund, 12 m tvm., 1,5 m høg, tilgrodd med lauvtre. Der er eit sår i kanten mot vegen. Nordre kant går i eitt med bakkebrotet.

3. Haug, sers tvilsam, tett V for den gamle vegen. Terrassen lyfter seg her oppover mot fjellsida. Haugen er ikkje rund, men der er funne båtsaum i sørkanten eller i bakken like under.

4. Haug, skal vere utjamna for lenge sidan, ei halvhundre meter lenger vestleg.

Strøm melder om funn frå ein av desse haugane: »et forrustet Kiæmpe-sværd, tillige med en Jern-Krukke eller Urne«. I ny tid er der nemnt ein stigbøyel. B 3271 kan ein og tru er herfrå.

*Strøm* 1766 s. 261. *Nicolaysen* NF s. 517.

B 3271 — Yja. øks f. i ein stor sandhaug, tvilsamt om gravhaug. Frå fk. nr. 1? Tilv. i Ab. 1878.  
Tapt — Sverd og kjel av jarn. Stigbøyel. Båtsaum. Sjå fk. nr. 1.

#### Eidsdalens (Ytredalen).

Der er nok terrassar i nedre del, men flatene er små og dalen verkar smal mellom dei høge fjella. Men det ligg gardar ratt høgt opp i liene, — Storås skal vere den som ligg høgst av alle på Sunnmøre, ca. 500 m o. h. Ovanfor Veiberg skyt det fram ei hylle langs austre fjellsida. Hylla fell slakt av mot Eide, men i stup mot dalen. Ovanfor Øye er eit bratt fall i dalbotnen. Eidet fører over til Møllsbygda i Geiranger.

#### HJELLE, gnr. 57—59 (heimre, Mid-, fremre).

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 7180. B 7180 — Flintdolk, »fundet under veianlegg ca. 700(?) m. op i dalen i ca. 25 m. o. h. og 1 m. dypt i almindelig jord«. (= A 715). Finnaren er no avliden, og sonen kjenner ikkje til funnet. Etter oppgåvane kan funnstaaden ikkje vere på hans bruk, men på Heimre Hjelle, gnr. 57, nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1920—21 og Oldt. X.

#### VEIBERG, gnr. 60.

Funnkartet nr. 1. Peder P. Veiberg, bnr. 4.

Haug i frukthagen Ø for stova, no borte. 13—15 m tvm., 1,5 m høg, bygd av tørr Stein med tjukt torvdekk. Kiste av reiste heller nedskoren i auren NNO—SSV, 2,25 m lang, 50—70 cm brei (breast i N), 60 cm djup, dekt av ei stor og ei lita helle, fylt med feit, brunsvart mold. Krukker i S, på botnen i S ei helle, under den ein pent samanlagd haug med kuahår. Ettergraving 1919 (*Bjørn Hougen*). B 7079, B 7179.

B 6623 — Yja. øks, visstnok f. ved eit

kvernhus. Tilv. i B. M. Årbok 1913 og Oldt. III.

B 7079, 7179 — Fvt. kvinnegrav frå fk. nr. 1. Bilete: tilv. fig. 1—2. (B 7179 = A 714). Tilv. i Oldt. IX, B. M. Årbok 1920—21 og Oldt. X.

#### KLEIVA, gnr. 61.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9958. Funnkartet nr. 2. Elias Kleiva, bnr. 2—3.

Elias Kleiva hevdar å ha sendt inn sverd, spjut, beisel, hein o. a. til B. M. og fått takkebrev for det. Det må ha vore høgst 30 år sidan. Sakene låg samla under ein liten haug ei 100 m N for lga.

B 9958 — Flintdolk f. ute i Haugane eit par hundre meter NNV for stova på bnr. 2—3, Elias Kleiva. Der var lyngmark, dolken låg på kvit sand under 20 cm torv og brun jord. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i U. B. Årbok 1948. B ? — Yja. mannsgrav frå fk. nr. 2.

#### EIDE, gnr. 64—65 (indre, heimre).

Funnkartet nr. 1. Georg H. Indreeide, gnr. 64, bnr. 1.

1. *Haug*, no borte, på eit stykke som heiter Skiftet, der gardsvegen tar av frå Geirangervegen. Han låg litt ovanfor ein transformatorstolpe, halvhundre meter ovanfor gardsvegen og vatnet. Herfra B 4257, som låg 1 fot djupt. 2. *Haug*, stor og rund, låg tett ovanfor vegen. Ikkje funn.

*Nicolaysen* NF s. 518.

NB. Mogleg har det vore fleire haugar på gnr. 64. Det vart nemnt haugar på kammen framfor dei neste bruka.

B 4257 — Yja. kvinnegrav med irlsk belag, frå fk. nr. 1/1. Bilete: *Shetelig* 1933 fig. 51. Tilv. i Ab. 1884.

#### SKUSET, gnr. 66.

Funnkartet nr. 1. Tore Skuset, bnr. 1. *Grav* under flat mark på flata mellom vegen og elva, nær vegen, halvhundre meter frå elva. Der var ei mannslang grop under 20 cm torv og mold. Her låg mørkne bein(?) og B 8723 og B 9938.

Funnkartet nr. 2. Oscar J. Skuset, bnr. 4. *Røys*, no borte, i Smieåkeren (eller ret-

tare i kanten av den åkerlappen som den gong heitte så, men som no er mykje større), 50 m N for stova. Der var mykje slagg rundt omkring. Røysa var 10 m i tvm., 1,5 m høg. I sørkanten låg Å 1112, dessutan eit spjut? med tange og hestebein.

B 8723, 9938 — Yja. brend mannsgrav frå fk. nr. 1. Tilv. i B. M. Årbok 1935 og U. B. Årbok 1948.

Å 1112 — Yja. brend mannsgrav frå fk. nr. 2. Upublisert.

#### ØYE, gnr. 68.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9957. B 9957 — Flintspiss f. 200—250 m o. h. i dyrkingslaget i åkeren ved vegsvingen 100 m NV for stova på bnr. 2, Erling K. Berge. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i U. B. Årbok 1948.

#### RØNNEBERG, gnr. 69.

Funnkartet nr. 1. Anton Rønneberg, bnr. 6.

Grav under flat mark eit par hundre meter rett ned for stova halvhundre meter S for ein bekk, tett nedanfor den nye vegen. Der gjekk ein voll langs bakken i overkant av grava, mogleg åkerreine. Grava var dekt med heller. B 6766.

B 6766 — Yja. brend mannsgrav frå fk. nr. 1. Tilv. i Oldt. VII (1918).

#### YTREDAL, gnr. 73.

Funnkartet nr. 1. Lars L. Ytterdal, bnr. 2. 1. Røys på strandflata, 80 alner rundmål (ei 18 m tvm.), 5 alner (3,5 m) høg, urøyvd i 1837.

Grav 1, sentralgrav, ubrend kvinnegrav i båt, B 6178 e—f, 6371.

Grav 2, brend mannsgrav, B 6178 a—d. Røysa er no borte.

2. Trekanta haug med 15—18 alner (10—12 m) lange sider, utgraven i midten. No borte, men låg S for 1.

3. Røys, stor, bortkøyrd før 1909.

Våpenfunn.

Neumann 1838 s. 139. Nicolaysen NF s. 518.

B 6178 a—d — Brend yja. mannsgrav frå fk. nr. 1/1. Tilv. i B. M. Årbok 1909.

B 6178 e—f — Høyrer til B 6371.

B 6358 — Yja. sverd. Dette og/eller Å 1006 f. ved nausta, Lars L. Ytterdal, bnr. 2. Tilv. i B. M. Årbok 1910.

B 6371 — Ubrend yja. kvinnegrav frå fk. nr. 1/1, saman med B 6178 e—f. Bilete: tilv. fig. 22. Petersen 1928 fig. 139, 42. Petersen 1931 s. 135 fig. 12. Shetelig 1917 fig. 283. Tilv. i B. M. Årbok 1910.

B 6753 — Yja. spjut. Tilv. i Oldt. VII 1918.

B 6754 — Vik. øks. Tilv. i Oldt. VII 1918.

Desse to siste er ikkje funne saman. Å 1006 — »Sverdhefte« frå bnr. 2, Lars L. Ytterdal. Sjå og under B 6358. Upublisert.

Tapt — »Våpen, kvernsteinar o. l.« Øydelagt i Ålesunds Museum under bybrannen 1904.

#### SMOGE, gnr. 78.

Garden ligg for seg i ei 250 m høgd ut mot Sunnylvsfjorden.

Funnkartet nr. 1. Bastian Smoge, bnr. 2. Haug 200 m S for neverande tun, ei 250 m o. h. Der var før utmark. Under ei stor helle låg dei små jarnganger og oske i klebergryta som då var heil, sverdet låg ved sida. B 2912—21.

B 2912—21 — Brend mannsgrav frå yja. frå fk. nr. 1. Tilv. i Ab. 1874.

## LITTERATUR

1935. *Lovise Heggen*: Stadnamn frå Valldal. Tidsskrift for Sm. hist. lag. 1935/36, Alesund.
1832. *Jens Kraft*: Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge. Femte Deel. Det Nordenfjeldske Norge. Christiania.
1875. *A. Lorange*: Samlingen af Norske Oldsager i Bergens Museum. Bergen.
1889. — Den yngre Jernalders Sværd. Bergen.
1825. *J. Neumann*: Bemærkninger paa en Reise i Søndmør og Nordfjord 1824. Budstikken VI. Christiania.
1836. — Efterretninger om Oltidsminder i Bergens Stift i Norge. Nord. Tidsskr. for Oldkyndighed 3. Bind. Kjøbenhavn.
1838. — Antikvariske Excursioner paa Søndmør. Urda II. Bergen.
- 1862—66. *N. Nicolaysen*: Norske Fornlevninger. Kristiania. Avstytt: NF.
1874. — Antikvariske Notiser. Ab. 1873. Kristiania.
1881. — Antikvariske Notiser. Ab. 1881. Kristiania.
1928. *Jan Petersen*: Vikingetidens smykker. Stavanger.
1931. — Eldre vikingestil. Nordisk kultur XXVII. Stockholm.
1917. *Haakon Shetelig*: Osebergfundet III. Kristiania.
1933. — Vikingeminne i Vesteuropa. Oslo.
1766. *Hans Strøm*: Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge. Anden Part. Sorøe.

## AVSTYTTINGAR

- Ab. — Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring. Årsberetning.
- B — Historisk Museum, Bergen (framfor katalognr. og gjeld då og saker i Sunnmøre Museum).
- B. M. Årbok — Bergens Museums Årbok.
- eja. — eldre jernalder (500 f. Kr. — 600 e. Kr.).
- f. — funne(n).
- fk. nr. — funnkartet nr.
- fvt. — folkevandringstid (400—600).
- ja. — jernalder.
- ma. — mellomalder.
- Oldt. — Oldtiden. Tidsskrift for norsk forhistorie.
- T — Videnskabsselskabets Museum, Trondheim (framfor katalognr.).
- tilv. — tilvekst (publisert årleg).
- tvm. — tverrmål.
- U. B. Årbok — Universitetet i Bergen. Årbok.
- vik. — vikingtid (800—1050).
- yja. — yngre jernalder (600—1050).
- Å — Ålesunds Museum (framfor katalognr.).

# FUNNKART FOR NORDDAL PRESTEGJELD SUNNMØRE

5 km

## SIGNATURAR

- haug reys
- 2-5 haugar etc.
- × grav under flat mark
- enkeltfunn
- do, uviss funnstad
- kyrkje frå mellomalder

